

## Spørsmål om innføring av nytt skuleadministrasjonsverktøy

Akershus fylkeskommune har det siste året testa det nye skuleadministrasjonsverktøyet Visma Inschool. Planen er at alle vidaregåande skular i landet skal ta i bruk systemet.

Presseoppdrag har vist at det har vore forseinkingar og sikkerheitsproblem med Visma Inschool. Ei gruppe rektorar har varsla at dei vil kunne ha problem med å gi elevane vitnemål i rett tid. 13. februar vart det kjent at fylkesrådet i Viken oppfordrar andre fylkeskommunar om å stoppe innføringa av Visma Inschool på grunn av problema skulane i Akershus har opplevd.

Spørsmåla mine til utvalsleiaren vert difor:

1. Korleis har Vestland fylkeskommune vorte orientert om innføringsproblema ein har hatt i Akershus fylkeskommune (Viken) med det nye systemet?
2. Kva vert gjort for å rydde opp i problema med innføring av Visma Inschool?
3. Vil Vestland fylkeskommune utsetje planlagt innføring av nytt skuleadministrasjonsverktøy?

Bergen 18.02.20

Alexander Fosse Andersen

Vestland Senterparti